

Vestnorsk kulturakademi  
Att: Connie Reksten  
Magasinvegen 26  
5705 VOSS

VOSS, 15. februar 2018

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Sluttrapport for Vestnorsk kulturakademi (VKA) sitt prosjekt  
"Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger (BVS)"**

Vi syner til Vestnorsk kulturakademi (VKA) sitt prosjekt "Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger (BVS)", og legg ved resultatrapporten for prosjektet og sluttprogram for Kulturelt utviklingsprogram. Sjå vedlegg.

Vestnorsk kulturakademi (VKA) vil på same tid nytte høve til å takke for midlane Hordaland fylkeskommune har ytt i løpet av den treårige prosjektperioden. Den økonomiske stønaden har i all hovudsak blitt gitt av Kulturelt utviklingsfond (KUP), i tillegg har prosjektet blitt finansiert av Regional utvikling.

Midlane har ført til at Vestnorsk kulturakademi (VKA) i løpet av ein periode på tre år har fått høve til å prøve ut eit nytt tilbod innan bygghandverk og restaurering. "Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger (BVS)" utøvar i dag eit viktig samfunnsoppdrag gjennom å vedlikehalde kulturarven. Som ei rådgjevingsteneste for private og offentlege bygg i spørsmål om vern og restaurering er BVS også det einaste av sitt slag i regionen. På sikt er vi opne for å gje BVS ein koordinerande funksjon for fylket sine bygningsvernkonsulentar. Dette handlar mellom anna om den sentrale plassering av Vestnorsk kulturakademi på Voss, midt mellom dagens Hordaland og Sogn og Fjordane.

Med Vestnorsk kulturakademi (VKA) som eigar blei Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger (BVS) som prosjekt ferdigstilt 1. desember 2017. I styremøte 29. januar d.å. godkjende styre i Vestnorsk kulturakademi resultatrapporten frå prosjektet, samt sluttrapporten for Kulturelt utviklingsprogram som ligg ved her (jmf. Sak 3/18, Sak 4/18). Styret gjekk også samrøystes inn for å organisere Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger (BVS) som ei avdeling i Vestnorsk kulturakademi (VKA) (jmf. Sak 7/18). I budsjettstøknaden frå Vestnorsk kulturakademi (VKA) d.å, vil det difor bli søkt om også oppretthalde drifta av Bygningsvernsenteret Voss/ Hardanger. Dette som ei førebels orientering.

Beste helsing,

Atle Ove Martinussen  
Styreleiar (sign.)

Connie Reksten  
Fungerande dagleg leiar (sign.)

Vedlegg; a) Resultatrapport for prosjektperioden 2014 til 2017, b) Kulturelt utviklingsprogram: Sluttprogram